



Seim Bygg AS
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3516 - 16/8653

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
12.04.2016

Løyve til endra plassering av bygg - gbnr 173/95 Rydland.

Administrativt vedtak. Saknr: 178/16

Tiltakshavar: Christer Vabø
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-3

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av løyve til oppføring av bustad, jf administrativt vedtak datert 26.11.2016, saknr. 470/15. Endringa gjeld plasseringa av bustaden som no vert søkt flytta 1,5 meter mot nordaust.

Det vert elles vist til søknad mottatt 11.02.2016, med tilleggskommunikasjon mottatt 10.03.2016 og 08.04.2016.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 17.02.2016. Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 10.03.2016 og 08.04.2016.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 08.04.2016 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 08.04.2016. Høgdeplasseringa er som tidlegare godkjend.



VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til endra plassering av tiltak i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 08.04.2016, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3516

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Christer Vabø

Nesbrekka 15 C

5912

SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS

5912

SEIM